

# ALVER KULTURRÅD

Til  
Alver kommune  
Kulturkontoret

1. sept 2020

## Ang uttale på «kommunehuset Manger – Forprosjekt kulturhus» med saksnr 076/20

Alver kulturråd er den 31 aug beden om å kome med uttale på saka som skal opp til handsaming torsdag 3 sept. Grunna særsla tid til handsaming av saka kan Alver kulturråd kun uttale seg generelt.

Alver kulturråd er positivt innstilt til forprosjektet. Vi meiner det er ei god og viktig oppfølging av Manger som nærsenterområde og bygdeutvikling slik nemt i intensjonane. Manger har viktige kulturminne, verdifull historie og ein imponerande breidde i aktivitet og tilbod.

Alver kulturråd har ikkje grunnlag for å vurdere den økonomiske sida av saka. Renovering av gamle bygningar er ei kostnadsmessig utfordring med krav om gjennomtenkte løysingar. Kvalitetssikring av desse løysingane er særsla viktig om ein skal unngå overraskinger. Alver kulturråd vil peike på at samarbeid med brukarar av bygget så tidleg som mogleg i prosessen, er avgjerande for kor bra planløysing og drift blir. Det er brukarane av bygget som veit behov og som treng eit eigarskap til bygget. Det er også viktig å nemne at ein ikkje berre må tenkje høvelege korps-lokale sølv med elitekorps i området. Heile organisasjonslivet må sjåast i samanheng i eit kulturhus. Jmfr scene, backstage, garderobe, oppbevaring, lyd og lys, møtelokalar, servering, booking, god informasjon med meir.

Alver kulturråd vil nemne at det allereie ligg føringar, saksutgreiingar og prosjektøkonomi til eit regionalt kulturhus som ikkje må kome ut av syna når andre lokale kulturbyggar skal driftast og vurderast.

Alver kulturråd ser i saksframlegget at kulturrådet i utgangspunktet ikkje var tiltenkt ei rolle som høyringsinstans. Jf, saksutgreiinga:

### Politisk handsaming

**Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Utval for oppvekst, kunnskap og kultur**


**Saka skal til innstilling Formannskapet**

**Saka skal avgjera i Kommunestyret**

Vi håper det er ei forgløyming at Alver kulturråd ikkje er nemt. Alver kulturråd har ein kompetanse i styret og medlemslag som må nyttast for å få fram kvaliteten som ligg i eit samarbeid med det frivillige kulturlivet.

Alver Kulturråd stiller seg til disposisjon i det vidare arbeidet med forprosjekt Manger kulturhus.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes  
Styrelseiar



Per Ole Ekker  
Sekretær